

**Fra:** Christian H. Reinshol  
**Sendt:** fredag 8. mai 2015 12.37  
**Til:** Atle Utkilen  
**Emne:** Reguleringsplan for Hillesvåg

Hei Atle,

Eg hadde ein prat med leiar for geodata her hjå oss i stad. Han meinte at det var ein heil del usikre grenser og uklare eigedomsforhold innanfor planområdet som ein nok med fordel kunne hatt grensejusteringar og jordskifte på, for å få klare eigedomsfohold i området. I tillegg så er visst ikkje nytt areal i sjø målt opp og strandlinja justert enno, så dette bør anten visast i ny plan eller evt målast opp.

Dette bør jo eigentleg gjerast i forkant av eit framlegg til reguleringsplan, for å sleppe unna eventuelle feilkjelder i etterkant, så eg berre lurte på om de har sett på dette i planarbeidet enno? Om ikkje vil eg sterkt rå til at det vert gjort, sidan det vil kunne ha verknader på korleis ein får bygd ut etter planen i etterkant. Ta gjerne kontakt med Tommy Veland på geodata om de ynskjer meir utfyllande informasjon på dette.

Ha ellers ei god helg!

Venleg helsing

**Christian Hagerup Reinshol**  
Arealplanleggar / Klimarådgjevar  
Areal- og miljøeininga  
Lindås kommune

Tlf: 56 37 56 62  
Epost: [Christian.reinshol@lindas.kommune.no](mailto:Christian.reinshol@lindas.kommune.no)